



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kapella Sandetun  
**Dato:** 20.04.2022  
**Tid:** kl 09.30 - 11.30

---

<b>Fremmøtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Torbjørn Rekdal	FRP	medlem
Elisabeth Kirkholm	H	leiar
Hilde Iren Sætre	H	medlem
Silje Ekroll Riborg	SP	nestleiar
Kenneth Rusten	TvP	medlem

### **Møtenotater:**

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor.

Frå politisk hald møte:

Einar Ekroll, fungerande ordførar (varaordførar).

Frå SSIKT møte:

Odd Arild Djupvik, leiar i driftssenteret.

Møtet slutt kl 11:30

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/403
PS 02/22	Godkjenning av protokoll	22/403
PS 03/22	Referatsaker	22/403
PS 04/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/406
PS 05/22	Orienteringar	22/403
PS 06/22	Vedtaksoppfølging	22/397
PS 07/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/403

Larsnes, 20.04.2022

Elisabeth Kirkholm  
Leiar i kontrollutvalet

## PS01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## PS02/22 Godkjenning av protokoll

### **Vedtak:**

Godkjenning av møteprotokollen frå møtet den 15.02.2022 vert å ta på neste møte.

### **Behandling:**

Protokollen frå siste møte har ikkje kome med, så den må lastast opp manuelt til neste møte.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## PS03/22 Referatsaker

### **Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
01/22	KMD - Forskrift om lukket møte som fjernmøte
02/22	Lovtolkning om val til kontrollutval
03/22	Godkjenning av Årsmelding

### **Vedtak:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

## PS04/22 Gjennomgang av møteprotokollar

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## PS05/22 Orienteringar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Kommunedirektøren - Orienteringar
02/22	Datasikring - Orientering frå SSIKT

### Vedtak:

1. Orienteringa frå kommunedirektøren vert utsett til neste møte då han ikkje var til stades.
2. Kontrollutvalet undrar seg over at kommunedirektøren ikkje prioriterte å vere til stades i SSIKT si orientering om kommunen si datasikring og det heller ikkje var andre frå kommuneadministrasjonen som møtte.

### Behandling:

Kontrollutvalet registrerer at kommunedirektøren melde avbod under møtet via fungerande ordførar (varaordføraren).

### Kommunedirektøren - Orienteringar jf. sak 10/22

Han skulle orientere om følgjande som då må utsetjast til neste møte:

- Igangsette og planlagde tiltak for å få ned sjukefråværet.
- Rapportring frå barnevernet (Volda kommune) til kommunen. Korleis og kvar skal dei som har behov for å få kontakt med barnevernet henvende seg
  - Bekymringsmeldingar. Er det nok opplysningar vedkomande barnevernet på kommunen si heimeside? Evt. andre opplysningar kommunedirektøren ynskjer å informere om vedkomande barnevernet, så ta det med.
- Kommunen sine innkjøpsavtalar. Gjeld både den som omfattar samarbeidet med Ålesund kommune (kva den omfattar) og lokale inngåtte innkjøpsavtalar.

### Datasikring - Orientering frå SSIKT

Dette var meint som ei felles orientering til kontrollutvalet og kommuneadministrasjonen, samt det politiske nivået. Det var avtalt med kommunedirektøren.

Odd Arild Djupvik, leiar i driftssenteret hjå SSIKT orienterte om datasikring og svarte på spørsmål.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## **PS06/22 Vedtaksoppfølging**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende og vil følge opp sak 10/22.

### **Behandling:**

Kontrollutvalet har ikkje fått tilbakemelding frå kommunedirektøren angående sak 10/22, og vil purre på dette.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS07/22 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.